

NVE-Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref: **Dykkar dato:** **Vår ref:** **Arkiv:** **Sakshandsamar:** **Dato:**
Ingvild Lange 08.04.2016

Kommentar til innkomne merknadar – Yndestadhølen kraftverk

I samband med at NVE har hatt søknaden om konsesjon for Øyrafossen i Fjaler kommune på høyring har det kome inn fleire merknadar. Tiltakshavar ønskjer gjennom dette skrivet å kommentere ein del av innspela frå dei ulike høyringspartane.

Fjaler kommune:

Slukeemna og minstevassføringa ved Yndestadhølen er sett til eit nivå som vi har vurdert som forsvarlig med tanke på flaummose.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

ift. flaummose: sjå Fjaler kommune

Det vert tatt omsyn til at biologisk rapport ikkje er tilstrekkelig til å kartlegge blant anna Fossekall, og vi vil derfor etablere trygge hekkeplassar for å forsikre oss om at eventuell bestand ikkje vil bli negativt påverka av utbygginga.

Det er ikkje tatt omsyn til at inntaksdammen vil kunne vere eit vandringshinder for ål og aure. Vi legg opp til å følgje dei avbøtande tiltaka som vert pålagt av NVE.

Biologisk rapport ble oppdatert 2015 ihht endringar i prosjektet og krav frå NVE. Flommose står beskrive i biologisk rapport under overskrifta; 5.3 rødlistearter. Flaummosen er også beskriven som raudlista så tidleg som samandraget i konsesjonssøknaden og i kapittel 3.4 Biologisk mangfald.

Ved oppdatering av konsesjonssøknaden hausten 2015 blei vassvegen etter vurderingar frå utbygger endra frå tunell til rørgate. Det er løysinga med nedgraven rørgate som er beskriven i rapporten for biologisk mangfald.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Fylkeskommunen legg til grunn at rørgata blir lagt eit stykke frå elva, slik at elvekanten med fjell og store steinar ikkje vert endra. Rørgata må ha tilstrekkeleg overdekning, slik at det vil vere naturleg å legge traseen eit stykke frå elva.

Med helsing

SUNNFJORD ENERGI AS

Vedlegg:

Kopi:

